



Arkivnr: 2017/17969-6  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

## Prosjekt Reiseliv og infrastruktur - Rapport - Oppfølging

### Samandrag

Saka er ei oppfølging av tiltak 5.6 i Regional transportplan 2018-29: Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet. Målet med tiltaket er å identifisere og føreslå tiltak innanfor samferdsel for å styrkje reiselivsnæringa i fylket og bidra til å leggje til rette for eit berekraftig reiseliv. Prioritering og tiltak skal m.a. innarbeidast i Investeringsprogram for fylkesvegnettet for Regional transportplan 2018-29.

Under arbeidet med prosjektet ble det sett som naudsynt å inkludere også riksvegar, då ein fann at ein må sjå det samla vegnettet i ein samanheng. Fylkeskommunen har òg som regional utviklingsaktør eit ansvar for utvikling av reiselivsnæringa i fylket. Prosjektet vart difor kalla for Reiseliv og infrastruktur.

Det ligg no føre ei konsulentrapport frå prosjektet, og det er i denne fokusert på følgjande temaområde:

- Rasteplassar
- Toalett
- Ferjekaiar og ferjer.
- Knutepunkt
- Parkering ved sentrale reisemål
- Skilting av reisemål
- Utsikt
- Bubil

Det er særleg vore utfordringar knytt til kvalitet og kapasitet ved toalettanlegg og rasteplassar. Skilting til attraksjonar og næringsverksemd er også peikt som ei særleg utfordringar. Vidare er tilgroing av utsiktspunkt og –strekningar ei utfordring, til dels også parkering ved sentrale reisemål.

Det er i rapporten gjennomført ei kartlegging av fasilitetane i heile fylket. I oppfølginga av arbeidet er det fokusert på nokre strekningar der det særleg har vore utfordringar knytt til veginfrastruktur for reiseliv.

Det er føreslått strategi for vidare arbeid med dei nemnte utfordringane. Vidare arbeid med oppfølging av den føreslåtte strategien for arbeidet krev eit nært samarbeid med reiselivsnæringa, kommunane og Statens vegvesen for å finne fram til løysingar i eit fellesskap. Det blir føreslått noen store rasteplassar med kapasitet til turistbussar. Det er behov for å sjå nærare på om det er behov for eigne driftsavtalar for rasteplassar/toalett. Skilting til attraksjonar og næringsverksemd samt utsiktsrydding er også peikt på som område der det er behov for tiltak på kort sikt.

Fylkesrådmannen ser tre tiltak for oppfølging i det vidare arbeidet:

- Plan for rasteplassar og toalett i fylket med tilhøyrande driftsavtalar
- Skiltprosjekt
- Utsiktsrydding

**Økonomi:** Finansiering av tiltak er gjennom avsette midlar i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og gjennom midlar til drift av fylkesvegnettet.

**Klima:** Ikkje direkte påverknad på klimagassutslepp.

**Folkehelse:** Tiltak i strategien kan ha positive konsekvensar for trivsel. Betring av toalett-tilhøva har positiv effekt på hygiene.

**Regional planstrategi:** Reiseliv er eit fylkeskommunalt satsingsområde, og rapporten støttar opp under dette.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til rapporten sine framlegg til strategi for tiltak på vegnettet for å understøtte satsinga i fylket på reiseliv.
2. Utfordringane på vegnettet som følgjer i kjølvatnet av auka tilstrøyming av turistar, må løysast både planmessig, finansielt og organisatorisk i eit samarbeid mellom statlege styresmakter, kommunane og næringslivet. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å ta eit initiativ ovanfor relevante aktørar med sikte på å gjennomføre følgjande tre tiltak av særleg viktighet for reiselivet:
  - a) Plan for rasteplassar og toalett
  - b) Prosjekt for fornying av skilt og innføring av private skilt til næringsverksemder i Hardanger
  - c) Utsiktsrydding på sentrale plassar.
4. Situasjonen ved Bu i Hardanger må løysast før turistsesongen set inn, og fylkesutvalet oppmodar til eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Statens Vegvesen og Ullensvang herad for å finne ei løysing på kort og på lengre sikt.
5. Prioritering av tiltak skjer gjennom årlege rulleringar av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.02.2018

### 1. Bakgrunn

I Regional transportplan 2018-29 vart det lagt inn to tiltak knytt til reiseliv og samferdsel:

Tiltak 5.6: Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet

Tiltak 6.1: Kartlegge reiselivet sitt behov for kollektivtransport..

I første omgang vart det vald å prioritere tiltak 5.6 Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet. Tiltak 6.1. Reiseliv og kollektivtrafikk skal startast opp i 2018.

Målet med tiltak Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet er å identifisere og føreslå tiltak innanfor samferdsel for å styrkje reiselivsnæringa i fylket og bidra til å leggje til rette for eit berekraftig reiseliv. Prioritering og tiltak skal m.a. innarbeidast i Investeringsprogram for fylkesvegnettet for Regional transportplan 2018-29.

Under arbeidet med prosjektet ble det sett som naudsynt å inkludere også riksvegar, då ein fann at ein må sjå det samla vegnettet i ein samanheng. Fylkeskommunen har òg som regional utviklingsaktør eit ansvar for utvikling av reiselivsnæringa i fylket. Prosjektet vart difor kalla for Reiseliv og infrastruktur.

Prosjektet Reiseliv og infrastruktur vart etter ei utlysing tildelt Asplan Viak. Rapport følgjer vedlagt.

### 2. Om prosjektet

Rapporten inneheld ei kartlegging av utfordringane for reiselivsnæringa når det gjeld infrastruktur og ei vurdering av kva tiltak som kan bidra til å løyse utfordringane. Det er lagt til grunn målsettinga om å få ei meir berekraftig reiselivsnæring i Noreg. Dette inneber at ein i utviklinga av reiselivsnæringa tek vare på natur, kultur og miljø, sikrar økonomisk berekraft og styrkjer sosiale verdiar.

Prosjektet er og avgrensa til reisande med bil og grupper i buss. Reiselivsnæringa sitt behov for kollektivtransport blir som nemnt ovanfor gjennomgått i eit eiga prosjekt. Det er heller ikkje særskilt fokus på sykkelturnisme i prosjektet, då det er eigne aktivitetar på dette området.

### 3. Prosess

Det er gjennomført to arbeidsverkstader med. I den første var det fokus på dagens situasjon, behov og utfordringar for reiselivsnæringa. På denne deltok representantar for vegsida, regionråda og reiselivet. På grunnlag av denne arbeidsverkstaden vart det fastsett strekkingar for pilotprosjekt.

På den andre arbeidsverkstaden var føremålet å drøfte ulike tiltak for å løyse dei utfordringane som er identifisert langs strekkingane. Her var representantar for reiselivsnæringa lokalt og dei aktuelle kommunane invitert, i tillegg til Statens vegvesen og nokre andre reiselivsaktørar.

Det vart lagt fram eit utkast ved nyttår, som har vore drøfta med Turistvegprosjektet i Statens Vegvesen, Hardangerrådet og andre aktørar. På grunnlag at dette har det vore arbeid meir spesielt med tiltaka.

### 4. Temaområde

I utlysinga av oppdraget vart det sett opp følgjande temaområde:

- Rasteplassar
- Toalett
- Ferjekaiar og ferjer.
- Knutepunkt
- Parkering ved sentrale reisemål
- Skilting av reisemål
- Utsikt
- Bubil

### 5. Om rapporten

Det er lagt til grunn ei målsetting å få ei meir berekraftig reiselivsnæring i Noreg. Dette inneber at ein i utviklinga av reiselivsnæringa tek vare på natur, kultur og miljø, sikrar økonomisk berekraft og styrkjer sosiale verdiar.

Det er utforma eit oversyn over reiselivsnæringa i fylket, og ei kartlegging av fasilitetar på vegnettet, med fokus på det overordna vegnettet.

### 5.1 Utfordringar i fylket

Rapporten peikar på følgjande utfordringar:

- Tilgang til **offentlege toalett** av god standard (vedlikehald, drift og reinhald) er ei betydeleg utfordring. Dette er gjennomgåande for fylket, men det er òg stader med større utfordringar grunna større aktivitet i høgsesongen for reiselivsnæringa og nokre stader der tilbodet stort sett er tilfredsstillande. Viktige faktorar i denne samanheng er at talet på toalett er riktig, at toaletta er opne og reine, og at det er god informasjon om / skilting til toaletta.
- Ei rekkje utfordringar knytt til **skilting og informasjon**. Dette gjekk både på språk, oppdatering av skilt (t.d. utdaterte skilt som ikkje tas ned), digitale løysingar og manglande informasjon om til dømes kollektivtilbod. Prosjektet har konsentrert seg om skilting til lokal tilbod og attraksjonar langs vegen.
- **Parkering** ved enkelte reisemål, utsiktspunkt og stoppestader er ikkje dimensjonert for trafikken i høgsesongen.
- **Gjengroing langs vegane** er ei betydeleg utfordring i fylket, både med tanke på utsiktspunkt, utsikt langs vegane og siktliner.
- Kapasitet **og drift** av fasilitetane er sentrale for kor godt tilbodet er, og om det er med på å bidra til ein god reiseoppleving for dei reisande.
- Ei utfordring med eksisterande fasilitetar er **eigarskap med klar ansvarsfordeling**. Sentrale spørsmål er kven som har ansvar for drift, vedlikehald, tilsyn og kven som skal stå for finansiering.
- I alle tiltak må det òg **takast omsyn til vekst i næringa** ved prosjektering av nye tilbod/fasilitetar.
- Dersom ein skal leggje til rette for **heilårsdrift**, som er ei viktig målsetting for reiselivsnæringa både regionalt og nasjonalt, må tilbod langs vegane òg vere opne heile året.
- Tilrettelegging for reisande utformast slik at det støttar opp under **lokal næringsutvikling**

### 5.2 Område for pilotprosjekt


Det er gjort eit utval av strekningar der det er foreslått pilotprosjekt for å løyse dei utfordringane som er kartlagt. Her er utvalet gjort basert på kvar det er store utfordringar i dag, det vil seie i områder der det er press på miljø, natur, kultur og/eller sosiale verdiar, eller der det ikkje er infrastruktur som legger til rette for økonomisk berekraftig næring (til dømes heilårsdrift). Det gjeld regionen der det er størst utfordringar knytt til fasilitetar som toalett, rasteplassar, med meir.

Stadene med størst utfordringar, kartlagt i arbeidsverkstad, er i stor grad samanfallande med dei områda som i dag har størst tal på besøkande (overnattingar) i forhold til talet på innbyggjarar, og der reiselivsnæringa er relativt stor sett i forhold til samla næringsverksemd.

Dei utvalde strekningane for konkretisering av moglege tiltak er baserte på kartleggingsarbeidet, innspel på arbeidsverkstad og ei overordna tilnærming:

- Fv. 7 Bjørkheim-Granvin
- Fv. 49/fv. 550 Norheimsund-Jondal-Utne
- Fv. 48/fv. 551/fv. 107 Rosendal-Jondal
- Rv. 13 frå Jøsendal til Bu

Kartet under viser omfanget av stoppestader og fasilitetar langsetter dei nemnte strekningane.



Det er dels eit godt tilbod langsetter dei nemnte strekningane, men noko varierende. Ein del av strekninga er innanfor Nasjonale turistvegar Hardanger. Kartet ovanfor seier derimot ikkje noko om kvaliteten på tilboda, og den viser seg å vere varierende..

### 5.3 Delmål

Basert på mål for berekraftig utvikling, avgrensing av prosjektet og dei behov og utfordringar som er kartlagt, er det sett opp følgjande delmål for arbeidet

1. Å spreie turisttrafikken, både geografisk og i løpet av året
2. Bygge opp under og legge til rette for private verksemdar lokalt
3. Unngå inngrep som reduserer landskapskvalitetar eller gir negative konsekvensar for naturmangfald i form av naturtypar, artar og kulturlandskap
4. Sikre god informasjon og gode tilbod/fasilitetar langs vegane
5. Bruk av digitale løysingar og wifi-soner
6. Bidra til god avfallshandtering/førebygge forsøpling
7. Legge til rette for mest mogleg klima- og miljøvenleg transport

### 5.4 Strategi

Rapporten inneheld framlegg til strategi på dei ulike områda

#### **Tettstader/sentrumsområde**

For å bidra til økonomisk berekraft i reiselivet bør det gjerast ein vurdering om og kor ein bør legge til rette for næringsverksemd utanfor tettstadene. Funksjonar som bør vurderast i den enkelte tettstad/sentrumsområde er parkeringskapasitet for personbilar, turbussar og bubilar, tømme- og opplysningsstasjonar for bubilar, løysing for søppelhandtering, ladestasjon for el-bilar, turistinformasjon og offentlege toalett.




### Rasteplassar

Rapporten føreslår å utarbeide ein plan for kva som skal vere hovudrasteplassar langs turistvegstrekingane til/frå og gjennom Hardanger. Desse må vere strategisk plasserte, og ikkje konkurrera med sentrumsområde, lokalt næringsliv eller Nasjonale turistvegar sine rasteplassar. På dei utpeikte hovudrasteplassane må det vere ein viss kapasitet på fasilitetane:

- Parkering og toalett med kapasitet for turistbussar, plassert på strategiske stoppestader (ved attraksjonar eller utsiktspunkt)
- Informasjon (digitalt og/eller informasjonstavler)

Tilrettelegging for privat næring (servering og liknande) kan vurderast på hovudrasteplassane. Med private aktørar kan ein få til driftsavtaler for toalett, der det er høgare frekvens på tilsyn og reinhald ved behov. Det føreset at det er grunnlag for berekraftig økonomisk drift gjennom heile året, og at ein ikkje utkonkurrerer aktørar i tettstadene.

Det er på kartet nedanfor gitt eit framlegg til ei rangering av rasteplassane, og kvar ein bør kunne forvente bra fasilitetar. Kartet viser ein framtidig situasjon, der dei utpeikte hovudrasteplassane i Nasjonal Turistveg Hardanger er ferdig utbygde. I tillegg til rasteplassane langs Nasjonal Turistveg er det berre Fossen Bratte og Trengereid som har status som «utpeikt rasteplass». Framtidig status på Fossen Bratte avhenger av pågåande utgreiingsarbeid i regi av kommunen. For strekinga Jondal-Utne bør det ikkje dimensjonerast tilbod for buss då det ikkje er god nok vegstandard for at turistbussar bør bruke vegen, og her er det derfor ikkje aktuelt med ein hovudrasteplass.



Vidareutvikling av rasteplassen ved Steindalsfossen inneber nokre utfordringar. Her er det i dag for låg kapasitet på parkering og toalett i høgsesongen, og bubilar tek opp parkeringsplassar for turistbussar.

I tillegg til hovudrasteplassane er det fleire mindre rasteplassar, med moglegheit for stopp, fotografering og der nokre har eit toaletttilbod med lågare kapasitet.

### **Offentlege toalett**

Det vil vere føremålstenleg at toalett-tilbodet består av nokre få, større fasilitetar med toalett i tilknytning til andre tilbod – til dømes på ferjekaiar, i sentrumsområde/tettstader og sentrale rasteplassar eller attraksjonar. I avsnittet ovanfor er det peika på tre hovudrasteplassar der ein må ha toalettkapasitet for heile busslaster med turistar. Tilbodet må og vere ope heile året dersom ein skal legge til rette for heilårsdrift av næringsverksemd langs vegane.

Hardangerrådet har i 2017 gått gjennom status på alle offentlege toalett i Hardanger, og peikar på nokre hovudtrekk for utforming, dimensjonering og plassering av toalett. Deira råd er utbygging av få, men store toalettanlegg som er bemanna, gjerne knytt til bensinstasjon eller kiosk, tilstrekkeleg parkering for bil og buss, og med ei god betalingsløyising.

Med betalingsløyising vil brukarane kunne bidra til å dekke deler av kostnadene knytt til drift. Situasjonen seinare år har vist at det med auken i turisttrafikken er behov for ein auka kapasitet på offentlege toalett langs overordna vegnett, og høgare frekvens på tilsyn og reinhald i høgsesongen. Samstundes må det vere eit tilbod heile året om ein skal leggje til rette for heilårsverksemd i reiselivsnæringa i regionen. Dette kan medføre at ein må sjå på løyisingar som og kan bidra til finansiering av godane. Betalingsløyisingar på offentlege toalett nokre stader vil kunne føre til at nokon søker mot andre tilbod utan betalingsløyising. Dersom alle større anlegg med moglegheit for parkering for turistbussar har same løyising, kan det avgrense dette problemet.

Ei oppgradering av tilbodet på Bu og ved Steinsdalsfossen slik at det der er dimensjonert for turistbussar, kan vere aktuelt med betalingsløyising. Særleg på Bu er det eit stort behov for ein betydeleg auke i toalettkapasiteten på kort sikt for å kunne ta imot turistbussane i komande høgsesong. I tillegg er det eit forslag om rasteplass på Seljestad, i tilknytning til dagens trafikkstasjon der det òg er planlagt ein bussterminal

Dagens driftskontraktar er utforma med tanke på ei rekke oppgåver, og er ikkje optimalisert med tanke på drift av toaletta. Sjølve toalettdrifta blir difor tilrådd å bli skilt ut frå dei generelle driftsavtalene. Der det er aktuelt kan driftsavtalar for toalett kombinerast med drift av tømmeinstallasjonar for busbilar.

### **Knutepunkt/ferjekaiar**

I høgsesongen kan ferjestrekningane opplevast som flaskehalsar for vegturistane. For at dette ikkje skal bli dårlege ferieminne, finst det enkelte kompensierende tiltak:

- God informasjon til publikum om moglege utfordringar med kapasitet, om moglegheiter for omkøyring, og eventuelt moglegheit for reservasjon.
- Gode fasilitetar på ferjekaien der ein må vente.

I samband med nye kontraktar for ferjesambanda i fylket (startar opp i 2019 og 2020) vil fysisk og visuell standard, det vil seie betring av visuelle forhold, toalettfasilitetar og reiseinformasjon, på ein del ferjekaiar kunne oppgraderast. Dette er arbeid som er under planlegging.

### **Utsiktsrydding**

Det bør gjennomførast skogrydding langs sentrale strekningar for turisttrafikk. Her er det vesentlege at det må setjast av midlar til å rydde langs vegane, og det er viktig å halde skog og kratt nede over lengre tid. Dette føreset gode driftsavtalar heller enn tilskotsordningar til grunneigarar. Driftsavtalar er eit godt styringsverktøy, medan ein med tilskotsordningar vert avhengig av at grunneigar har interesse av å gjennomføre skogrydding sjølv.

Utsiktspunkt som er aktuelle for avtale om rydding er først og fremst rasteplassane. I tillegg bør det ryddast langs utvalde strekningar for å gje turistane ei god reiseoppleving, og godt inntrykk av landskapet.

Alle strekningar som inngår i Nasjonale turistveger Hardanger har skjøtselsplaner, og skogrydding langs vegane er utført etter desse planane.

### **Bubilfasilitetar**

Bubilparkering bør lokaliserast anten i tettstader i regi av kommunane eller til privat drivne plassar for bubilparkering. Kommunane kan sette av areal til bubilparkering der dette er tilgjengeleg og ønskeleg, men drift av bubilparkering bør vere privat verksemd. Som for buss er det ikkje forslag om tiltak for å legge til rette for bubilar på strekninga Jondal-Utne.

### **Skilting og informasjon**

Skilting og informasjon langs veg i form av informasjonsskilt eller liknande inneheld vegvisingsskilt og skilting til attraksjonar, næringsverksemd og tenestetilbod langs vegen. Vegvisingsskilt og oppdatering av desse bør vere arbeid som vert gjort uavhengig av satsinga på reiseliv i regionen, og er difor ikkje med i rapporten.

Rapporten rår til at det blir utarbeida ein overordna plan for korleis skiltinga i kommunar og tettstader bør vere med tanke på serviceskilting og skilting til bedrifter. Planen må deretter bli fylgt opp for oppsetting og oppdatering av skilt langs vegane. Langs turiststrekningane bør kommunane og reiselivsnæringa seie noko om kva tenestetilbod og attraksjonar dei ønskjer å signalisere. Det er naudsynt at skilt som vert sett opp, blir oppdaterte ved behov, til dømes med tildekking av skilt dersom tenestetilbodet er stengt i delar av året. Her må det avklarast kven som skal ha ansvar for å utarbeida ein slik plan og oppfølging av oppdatering av skilt ved behov.

Eit eige skiltprosjekt for Hardanger, med utarbeiding av felles design for private skilt, kan vere aktuelt. Det vil kunne gi smidigare sakshandsaming og ein tydeleg profil for regionen. Dette bør vere arbeid leia av Statens vegvesen, men med innspel og støtte frå regionale aktørar som til dømes destinasjonsselskap og kommunane.

Det ligg føre eit framlegg til endring av vegnummerbruk på noen av fylkesvegane i området. Dette vert fastsatt av Statens vegvesen i samråd med vegeigar fylkeskommunen i løpet av våren 2018. Når vegvisingsskiltinga i området vert endra, kan det vere formålstenleg å sjå på skiltinga av attraksjonar med brune skilt samstundes.

Skilting på engelsk er førebels ikkje aktuelt, men som alternativ kan ein sette opp nye informasjonstavler på rasteplassar og i knutepunkt, som og har informasjon på engelsk og eventuelt andre språk.

For informasjon, skilting og wifisoner er det særleg sentrale stader (tettstader/sentrumsområde) og knutepunkt som er viktige

### **Driftsavtalar og ansvarsfordeling**

Ved utbetring av nye eller oppgradering av eksisterande tilbod vil utforminga av driftsavtalar vere svært viktig for kor godt ein vil lykkast. Eigne driftsavtalar med private aktørar bør særleg vurderast for tilsyn og reinhald av toalett, og då fortrinnsvis med aktørar som er tilstade lokalt.

Følgjande faktorar er trekte fram som vesentlege for at driftskontraktane skal fungere etter intensjonen:

- Klare kontraktar, som tydeleggjer:
  - o Ansvarsforhold
  - o Kva er leveransen
  - o Grensesnitt mellom ulike roller, og ulike grunneigarar
- Kontrakten må ha eit langsiktig perspektiv, samstundes som ein er førebudd på at driftsføresetnadene ofte kan endre seg. Kontrakten må difor ha lokalt tilpassa opsjonar som kan takast i bruk om vilkåra endrar seg.
- På sikt er det ønskeleg å få på plass standardiserte driftsavtalar, men nye kontraktformer bør sannsynlegvis utprøvast på nokre utvalte stader med relativt kort tidshorisont for å få eit erfaringsgrunnlag.
- Lov om offentlige anskaffingar må leggjast til grunn, men det er likevel viktig å innhente kunnskap om lokale forhold frå kommunane, slik at utlysinga er utforma på rette måten.

Dagens driftsavtalar i Hardanger er gjeldande fram til 2021. I tillegg er det driftsavtale med reinhald av toalett med private på Voss og Trengereid som fungerer bra. Dersom ein skal opprette nye avtaler for drift av til dømes toalett, må ein anten vente til gjeldande driftsavtalar går ut, eller inngå ein avtale for å skilje ut deler av dagens driftsavtalar. Ved oppretting av nye tilbod, til dømes nye toalett kan andre former for driftsavtalar prøvast ut.



### ***Fellesgodefinansiering***

I forslag til cruisestrategi for Vestlandet utarbeidd av Vestlandsrådet (2016) er det foreslått ein fellesgodefinansiering knytt til cruiseturisme for å finansiere utbygging av infrastruktur som det ikkje er naturleg at kommunane dekker. Denne forma for finansiering bør òg kunne vurderast som ei mogleg kjelde til finansiering av fasilitetar langs vegen. Dette kan til dømes vere oppstillingsplassar for buss, rasteplassar og utsiktsrydding.

### ***Parkering ved sentrale reisemål***

Parkering ved sentrale reisemål er eit tema som har vore drøfta i arbeidsverkstader i arbeidet med dette prosjektet, men det er ikkje fokusert særleg på dette i utforming av tiltak. Av sentrale reisemål i område rundt dei utvalde strekkingar er Trolltunga eit døme på stader der parkering er ei betydeleg utfordring. Dels fordi reisemålet ikkje ligg langs overordna fylkesveg og dels fordi det er anna pågåande arbeid for å løyse utfordringane, er ikkje dette tatt inn her. Det er òg pågåande arbeid iregi av Nasjonale turistveger ved Låtefoss, som derfor heller ikkje tatt med under tiltak i dette arbeidet.

Generelt kan arbeid med parkeringsløyningar ved sentrale reisemål vere aktuelt for fylkeskommunen å bidra til i eit spleiselag med andre aktørar.

## **6. Tiltak**

Rapporten inneheld i avsnitt 6.3 framlegg til konkrete tiltak på kort og lang sikt. I avsnitt 6.4 er kostnadene til tiltaka anslått. I rapporten er det ikkje gjort vurderingar av i kva grad tiltaka er mogleg å gjennomføre, til dømes når det gjeld grunneigarforhold, plass for riktig dimensjonering, korleis ein kan unngå store inngrep i landskap og natur eller liknande. Dette er forhold som må vurderast i det vidare arbeidet med tiltaka.

I kapittel 7 er det gitt innspel til andre prosjekt/tiltak for problemstillingar knytt til reiseliv og infrastruktur som fell utanfor føremålet med rapporten. Dette gjeld t.d. avlasting av reisemål med stor belastning, kollektivtrafikk, vegstandard og informasjon til turistar.

## **7. Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet**

I investeringsprogrammet for fylkesvegnettet er det under posten «Miljø og service» sett av 2,2 mill kr. i 2018 og 2,7 mill kr. i dei påfølgjande åra til tiltak knytt til reiseliv. Midlane skal i første omgang brukast i samband med spleiselag med Nasjonale turistvegar for rasteplassar ved Ålvik, Steinstøberget og Kvanndal på Fv7.

## **8. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

### ***Utfordringar***

Prosjektet har hatt som føremål å kartlegge eksisterande tilbod og fasilitetar for reisande langs overordna vegnett i fylket, og behov for ytterlegare tilbod. Det overordna målet er å bidra til ei berekraftig reiselivsnæring. I dette prosjektet har økonomisk berekraft for private aktørar og heilårsverksemd i reiselivsnæringa, og reiseopplevinga for besøkande (mellom anna kvaliteten på fasilitetar), vore sentralt.

Det har vore fleire år med ein sterk vekst i turisttrafikken, og nokre strekkingar og reisemål har hatt utfordringar som følgje av dette, mellom anna når det gjeld kapasitet og kvalitet på utsiktspunkt, rasteplassar, parkering, toalett og bubilfasilitetar. Sist sommar viste det seg særleg å vere utfordringar knytt til Bu ved Hardangerbrua, særleg med stengte toalett. Slike situasjonar er uheldig for utvikling av reiselivsnæringa.

Ei auke i utanlandske besøkande gjer og at informasjon og skilting langs vegane blir meir krevjande. Det er og ein problemstilling korleis lokal næringsverksemd skal nytte godt av veksten, der det å føre dei reisande til tettstader og sentrumsområde kan gje positive ringverknader.

Samnanger kommune vurderer tilbodet knytt til Fossen Bratte og andre reisemål på Rv7. Om tiltaka viser seg aktuelle å gjennomføre, vurderer fylkesrådmannen det som aktuelt på eit seinare tidspunkt å be om at Nasjonale turistvegar blir utvida frå dagens endepunkt ved Steinsdalsfossen i Kvam, til Samnanger.

Ei rekke tiltak er føreslått gjennomført i Hardangerregionen, men erfaringar frå tiltaka kan òg kome andre delar av Hordaland til gode når ein skal utvikle liknande tilbod andre stader. Det er i første rekkje Hardangerområdet som har hatt utfordringar på vegnettet med høg turisttrafikk.

### **Behov for samarbeid for å løyse utfordringane**

Fylkesrådmannen vil særleg peike på at vidare arbeid med reiseliv og infrastruktur på fylkesvegnettet må vere eit samarbeid mellom ulike aktørar. Ei betring av reiseopplevinga og fasilitetar langs vegane vil kome reiselivsnæringa til gode. I dei tiltaka som er føreslått må reiselivsnæringa og bidra, både for å utforme gode løysingar, men òg når det gjeld finansiering. Kommunane har eit ansvar for arealplanlegginga, og må vere involvert i arbeidet. Offentlege tilbod som toalett og parkering i tettstader og sentrumsområde er òg tiltak som må vere eit kommunalt ansvar. Fylkeskommunen og Statens vegvesen har ansvar for dei fylkeskommunale vegane, riksvegane og Europavegane. I det vidare arbeidet blir det sentralt å få til eit godt samarbeid mellom aktørane, og få på plass gode driftsavtalar som sikrar god kvalitet på fasilitetane langs overordna vegnett.

### **Oppfølgingsprosjekt**

Fylkesrådmannen vil særleg peike på betydninga av å få på plass ein strategi for arbeidet med reiseliv og infrastruktur. Tiltaka som er føreslått i rapporten utgjer eit godt grunnlag, samstundes som det er behov for nærare dialog med ulike partar for å finne fram til løysingar i fellesskap. Fylkesrådmannen ser tre oppfølgingsprosjekt i det vidare arbeidet:

- Plan for rasteplassar og toalett i fylket med tilhøyrande driftsavtalar
- Skiltprosjekt
- Utsiktsrydding

Utvikling av ein plan for rasteplassar i fylket, med fokus på å utvikle noen hovudrasteplassar med kapasitet for buss. Det bør vere tilstrekkeleg med parkering og toalett med kapasitet for turistbussar, plassert på strategiske stoppestader. Det bør vurderast å leggje opp til at det er private aktørar som har næringsverksemd på området som har ansvar for driftsavtalar for toalett, med høgare frekvens på tilsyn og reinhald ved behov. Det bør vurderast betalingsløysingar på toalett. Vidare bør det vurderast kva type av informasjon som bør vere tilgjengeleg på staden og på kva slags form. Det kan vurderast wi-fi- soner på sentrale rasteplassar.

Generelt sett meiner fylkesrådmannen at det er betre med eit fåtal gode rasteplassar med gode toalettfasilitetar enn at det er mange rasteplassar som fungerer dårleg. Det kan difor vurderast om det er rasteplassar/toalettanlegg som kan avviklast.

I dette arbeidet må ein sjå på fylkesvegar og riksvegar i ein samanheng. Fylkesrådmannen tek difor sikte på å invitere Statens vegvesen til eit samarbeidet. Det er og viktig å involvere kommunane i dette arbeidet, både som ansvar for kommuneplanarbeidet og som ansvarleg for lokal næringsstrategi. Reiselivsnæringa må også involverast, og her er det særleg viktig å trekkje inn Reisemål Hardangerfjord og andre destinasjonsselskap samt Hardangerrådet.

Vidare gjer fylkesrådmannen framlegg om å ta initiativ til prosjekt for å utarbeide ein overordna plan for skilt til attraksjonar (brune skilt), samt til moglegheit til private skilt i Hardanger knytt til lokal næringsverksemd som eit prøveprosjekt. Arbeidet bør bli leia av Statens Vegvesen. Prosjektet bør koordinerast og vere eit ledd i arbeidet med endring av vegvisingsskiltinga i området, sjå eiga sak. Hardangerrådet og Reisemål Hardangerfjord må inviterast inn i dette arbeidet.

I tillegg meiner fylkesrådmannen det er behov for å sjå om driftsavtalane bør endrast med sikte på at utsiktsrydding i større grad skal inngå i arbeidet. Det er her naturleg å særleg vurdere utsiktsrydding ved rasteplassar og andre stoppestader ved sentrale utsiktspunkt. Det vil kunne krevje at det først blir vurdert skogrydding. Det er samstundes viktig at dette arbeidet skjer innanfor realistiske økonomiske rammer.

### **Situasjonen ved Bu**

Fylkesrådmannen meiner særleg at tilhøva ved Bu ved Hardangerfjorden har vore kritisk dei siste åra med stengte toalett, opphoping av turistbussar som hindrar rutebussar og anna trafikk, samt mangel på parkeringsplassar. Det hastar med å finne ei løysing på utfordringane her før sommarsesongen startar opp.

***Finansiering***

Finansiering av plan for rasteplassar må skje gjennom midlane som er avsette i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Utsiktsrydding må finansierast gjennom driftsavtalane. Skiltprosjektet vil truleg kunne takast innanfor eksisterande budsjett.